



## Ordføraren sitt hjørna – februar 2010

Torsdag 4. mars er det andre kommunestyremøtet dette året. Det er ikkje på langt nær så mange saker som i forrige møte, men eit par av sakene som står på sakskartet no, vil eg nemne litt meir om:

Felles barnevern for Hallingdal er ei viktig sak. Dette er ei sak som det har vore arbeidd med i eit års tid. Alle kommunane gjorde då vedtak om at me ville samarbeide om barnevernstenestene i eit interkommunalt selskap, med eit hovudkontor og lokale kontor i alle kommunane. Regionrådet fekk fullmakt til å avgjera kvar hovudkontoret skulle ligge. Rådmannsutvalet greidde ut alternativa, der det var gode tilbod frå både Gol og Ål. Regionrådet landa på at felles barnevern skulle lokaliserast til Ål. Dette er arbeidd vidare med, og oppstart vil bli til hausten. Saka om vedtektene for selskapet kjem opp i møte torsdag.

Det er Ål kommune som er vertskapskommune, og fellesutgiftene skal delast etter nøkkelen for interkommunalt samarbeid; - 30% skal delast med lik del på kvar deltakarkommune og 70% skal delast på kommunane etter folketal. Kvar kommune skal ta kostnadane med sine egne barnvernsaker. Her blir det ingen endring i høve slik det er i dag.

Hemsedal har eit svært godt fungerande barnevern. Grunnen til at me ynskjer eit samarbeid i Hallingdal er at det vil gje større fagmiljø, og det vil bli fleire personar å spela på. Det vil vera ca 18 tilsette, og der vil det samla vera ein brei kompetanse. Det er ein stor fordel, for barnevern krev mykje oppfølging og ingen saker er heilt like. Det skal vera bemanna kontor i alle kommunar, slik at brukarane ikkje vil merke nokon forskjell. Kontakten med barnevernet kan skje lokalt eller ved felleskontoret på Ål. Felles barnevern vil vera til det beste for barnevernarbeidet i Hemsedal og Hallingdal.

Områdeplan for området rundt Mølla er ei anna sak denne gongen. Områdeplan er ei grovmaska plan som fastset arealbruken. Det er oppstartsvedtak som skal gjerast no, og planarbeidet vil ta eit års tid. Dei fleste avklaringar med vegvesen og miljøavdeling er gjort gjennom eksisterande planer.

Det er nødvendig å få samordna ein del planer som møtes ved vegen opp til parkeringsplassane i Skisenteret. Her trengs det å ryddast opp i vegar, avkøyringar og stikkvegar, og langrennsløypa gjennom bygda må få ein betre trase enn slik det er no. Det er viktig å legge til rette for ski inn og ski ut til fleire områder enn dei som har det i dag, og me må finne ei betre løysing for søppelmottaksplass enn den konteinerplassen som er der i dag. Dette er innfarten til skisenteret og det meste av overnattingsplassane. Det må sjå innbydande ut, for det er dette som er fyrste inntrykket som gjesten får.

Infrastrukturen må fungere så godt som mogleg - å løyse det er målet med planarbeidet, og det må gjerast no medan det enno er plass til å gjera justeringar før området blir tetta att med bygg og anna. Det er òg nødvendig å finne eigna plass til eit større aktivitetssenter, med mellom anna eit badeanlegg.

Det var informasjonsmøte på tysdag med grunneigarar og andre interessentar, og det er felles forståing for at dette er nødvendig. Kvalitet, fyrsteintrykk og gjennomtenkte løysingar er viktig i konkurransen om gjesten i framtida.

Neste kommunestyremøte er 6. mai. Då er det sikkert mildare enn det har vore dei siste 3 månadane. Den finaste delen av vinteren er den me har att!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordførar

